

Fra: [Johann Roppen](#)
Til: [ALLE-Campus](#)
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 9/2020, 28. FEBRUAR
Dato: fredag 28. februar 2020 10:49:53

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 9/2020, 28. FEBRUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA-VIRUS (1): STUDENTAR PÅ UTVEKLSING VERT OPPMODA TIL FØLGJE NØYE MED

Internasjonalt kontor ved Høgskulen i Volda opplyser at Høgskulen i Volda pr i dag ikkje har studentar på utveksling eller i praksis i landa som i dag er hardast råka av koronaviruset. Men sidan stadig fleire land melder om utbrot har Internasjonalt kontor teke kontakt med studentar som er på internasjonal utveksling eller i praksis i utlandet. Dei blir oppmoda til å følgje med på utviklinga lokalt. Om studentar ønskjer å trekke seg frå praksis eller utveksling så blir dei oppmoda til å ta kontakt med Internasjonalt kontor (international@hivolda.no). [Folkehelseinstituttet \(FHI\) har generell informasjon om koronaviruset, blant anna med reiseråd.](#)

[Les også artikkel på Nærnett om denne saka.](#)

KORONA-VIRUS (2): LES HØGSKULENS PANDEMI-PLAN

Det er diverre høgaktuelt å snakke om smitteberedskap i samband med korona-viruset. Høgskulen har i sine kriseplanar også ein plan som gjeld handtering av pandemi. Høgskulen tek høgde for at inntil 25 prosent av dei tilsette kan vere borte samtidig. Med færre tilsette på plass må det prioriterast mellom aktivitetane, og avsluttande eksamen har førsteprioritet. [Planen finn du på nettsida i lag med andre styringsdokument.](#)

STUDENTMEDIA ER I GANG IGJEN: NÆRNETT, RADIO VOLDA, NÆRSYNET, NÆRAVISA

Frå måndag denne veka og i åtte veker framover er det praksis for journaliststudentane og det betyr at både Nærnett, Radio Volda, Nærsynet og Næravisa blir å sjå og høyre igjen. Radio Volda er no også å høyre på DAB. [Her er siste nytt frå Nærnett som også er portal til dei andre mediekanalane.](#)

STATISTIKK FOR 2019 (1): STABILE STUDENTTAL

DBH-statistikkane for 2019 er i ferd med å bli klare. Når det gjeld studentar er det overordna bildet stabilitet eller små variasjonar. Størst endring er det i samla tal studentar, som i 2019 kom opp i 4.500. Men talet på søkarar i samordna opptak, tal studentar som fullfører sine grader, strykprosenten og talet på innreisande og utreisande studentar på internasjonal utveksling er i det store og heile nokså stabilt for dei siste åra sett under eitt. [Her er studentstatistikk for alle UH-institusjonar i 2019.](#)

STATISTIKK FOR 2019 (2): KVINNENE TEK OVER PÅ FAGLEG SIDE

Kvinner utførte i 2019 ca 56 prosent av alle faglege årsverk ved Høgskulen i Volda, og det er ein høgare del enn nokon gong tidlegare. Kvinneandelen auka jamt og trutt ved Høgskulen i Volda dei siste åra. Kvinneandelen blant professorar og dosentar er også høgare enn nokon gong før og har kome opp i 28 prosent. Så seint som i 2014 var kvinneandelen blant dei toppkomptente på under 10 prosent. [Her er statistikk for alle UH-institusjonar i 2019.](#)

STYREMØTE 5. MARS

Høgskulestyret har sitt første ordinære styremøte torsdag 5. mars. [Saklista og sakspapira til](#)

[møtet er tilgjengelig på våre nettsider.](#)

OMBYGGING AV STRØM-AUDITORIET: TILBODSFRIST ER 3. MARS

Det store auditoriet i Hans Strøm-huset skal byggast om, og firma som ønskjer å gjere jobben har no frist til 3. mars med å levere tilbud. Det har alt vorte halde synfaring for interesserte tilbydarar. Prosjektet har namnet "Vekselstrøm", både ut frå at auditoriet ligg i Hans Strøm-huset, og fordi målet med prosjektet er at det skal vere lett å veksle mellom plenum og gruppearbeid. [Les meir om prosjektet på våre nettsider.](#)

HERØY KOMMUNE HELDT KRISEØVING PÅ HØGSKULEN

Tilsette og studentar ved Avdeling for mediefag har arrangert kriseøving for Herøy kommune. Både master- og bachelor-studentar var involverte i øvinga, både gjennom førearbeid og gjennomføring. Blant krisehendingsane som vart trena på var både bussbrann, utbrot av smitte og mistanke om overgrep på ein kommunal institusjon, og pågang frå media og omtalar i sosiale media var ein viktig del av øvinga. [Les meir om øvinga på våre nettsider.](#)

VIL DU PÅ UTVEKSLING TIL UTLANDET? SØKNADSRIST 1. MARS.

Fristen for å søke utveksling er 1. mars for studentar som vil reise på utveksling i haustsemesteret 2020. Høgskulen i Volda har over 100 utvekslingsavtalar. [Les meir på våre nettsider.](#)

WIDERØE SINE RUTEKUTT: FÅR KONSEKVENSAR FOR KOMPETANSEARBEIDSPASSAR

Høgskulen ved prorektor Odd Helge Tonheim har i samarbeid med klinikksjef Knut Nautvik ved Volda sjukehus kommentert Widerøe sine planlagde rutekutt og seier at dei kan gå ut over kompetansesarbeidsplassane i regionen. Eitt fly færre pr dag er ein reduksjon på ca 20 prosent, og det er dramatisk, seier Tonheim og Nautvik. [Innlegget har vorte publisert i fleire aviser, blant anna i Sunnmørsposten.](#)

SEMINAR (1): SOLSTRAND-SEMINARET 2020: TEMA ER OPEN FORSKING

Tema for UH Nett Vest sitt årlege Solstrand-seminar er i 2020 "Open forskning". Deltakarar frå Høgskulen i Volda blir rektor Johann Roppen, forskningssjef Henriette Hafsaas, dekan Arne Myklebust (AHL), dekan Unni Hagen (AKF), biblioteksleiar Mona Iren Auganæs og forskingsrådgjevar Geir Tangen. [Les meir om seminaret på nettsidene til UH Nett vest.](#)

SEMINAR (2): "JAKTA PÅ EU-MILLIARDANE"

Høgskulen i Volda er partner i Framtidslaben i Ålesund. Vi er også medarrangør av seminaret "Jakta på EU-milliardane" som blir arrangert i Framtidslaben 5. mars. [Meir informasjon om seminaret og påmelding.](#)

PUBLISERING: PEDER HAUG I NORDIC JOURNAL OF STUDIES IN EDUCATIONAL POLICY

Professor Peder Haug har fått publisert artikkel i Nordic Journal of Studies in Educational Policy. Artikkelen heiter "[‘It is impossible to avoid policy’ comment on Mel Ainscow: promoting inclusion and equity in education: lessons from international experiences.](#)".

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)
[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

5.3.2020: [Styremøte, høgskulestyret.](#)

5.3.2020: [Seminar, Framtidslaben \(Ålesund\): "Jakta på EU-milliardane"](#)

9.-10.3.2020: [Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)

18.-19.3.2020: Seminar for alle administrativt tilsette, Loen
19.-20.3.2020: Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar, samling på HVO
22.3.2020: [Vårkonsert med symfoniorkesteret: Ein hyllest til Beethoven](#)
24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF
25.-26.3.2020: Solstrand-seminar. UH Nett Vest
26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH
30.-31.3.2020: [Seminar: "Digital skaparkraft og dømmekraft"](#)
14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF
16.-19.4.2020 X2-festivalen
20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse
22.-26.4.2020: [Dokumentarfilmfestivalen](#)
23.-24.4.2020: Skuleleiarkonferanse, Molde
23.4.2020: Styremøte 2/2020
28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk
17.5.2020: [Nasjonal festkonsert med Symfoniorkesteret](#)
11.6.2020: Styremøte 3/2020
18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)
8.-19.6.2020: SEANSE: Kunstnaropphald
18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021
1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)
29.-30.10.2020: Barnehagekonferansen 2020, Ålesund

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Framlegg til nye språkpolitiske retningsliner: Høgskulen tek større ansvar for nynorsk](#)
(25.2.2020)

[Helsing til doktorand Anne Randi Fagerlid Festøy](#) (22.5.2020)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)